

---

Saksnr: 2020/35312-2  
Saksbehandlar: Berit Anna Gjerland  
Dato: 18.09.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Framlegg til organisering av arbeid med forvaltningsplan Selje kloster, Stad kommune

### Samandrag

Det blir sett i gang arbeid med forvaltningsplan for Selje kloster og kulturminne- og kulturlandskapsverdiar på øya Selja. Planen må danne grunnlag for kort- og langsiktig forvaltning og vere basert på kunnskap. Han må sikre ei god og føreseieleg forvaltning, ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i det sårbare kulturminneområdet og samstundes legge til rette for ei god reiselivsutnytting av dette sentrale kulturhistoriske området i Vestland.

Saka skal gje Hovudutval ei innleiande orientering om pågåande og planlagt arbeid.

### Bakgrunn

Fylkesdirektøren legg til grunn at det som viktig å få på plass forvaltningsplan for Selje kloster og øya Selja med alle sine kulturminne- og kulturlandskapskvalitetar og å sikre ei god og føreseieleg forvaltning og bruk av dette sentrale kulturhistoriske området i Vestland.

Fylkeskommunane har sidan 1990 hatt sentrale forvaltningsoppgåver når det gjeld automatisk freda kulturminne og har ved ytterlegare statleg delegering frå 1.1.2020, fått forvaltingsansvar for mellom anna for ruinar frå mellomalder, deriblant Selje kloster. Det omfattar også forvaltning av statleg tilskot til restaurering av ruinar og til vegetasjonsskjøtsel kring desse.

På øya Selja, sør for Stadlandet, vart det etablert ein helgenstad (Sunniva-hola) og her kom det første bispesetet i Norge, truleg alt i 1068. Bygginga av klosteranlegget kan ha starta ved overgangen 1000-1100, og det var tilhøyrande benediktinarordenen. Anlegget ligg i tidlegare Selje, no Stad kommune og er automatisk freda etter lov om kulturminne.

Det er gjennomført omfattande restaurering av klosterruinane gjennom store delar av 2000-talet i samband med det landsomfattande Ruinprosjektet i regi av Riksantikvaren. Det må påreknast fortsatt restaurering i åra som kjem.

Det har over lengre tid vore ynskje om å vidareutvikle reiselivsaktiviteten knytt til Selje kloster og klosterøya Selja. Nærings og kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte nyleg eit prosjekt med hovudfokus på å utvikle reiselivsnæringa knytt til området. Prosjekteigar var Sogn og Fjordane fylkeskommune og styringsgruppa var samansett av reiselivsaktørar, politikar, representant for administrasjon Stad kommune og Vestland fylkeskommune. PwC var prosjektleiar.

Det føreligg to grundige rapportar med vedlegg frå prosjektet: sluttrapport forprosjektet – Reisemålet Selja kloster, datert februar 2019 og sluttrapport hovudprosjektet) – Selja Kloster – Ei langsiktig og berekraftig løysing for utvikling av Heilagøya Selja, datert 2.juni 2020 (vedlagt).

Sluttrapporten peikar mellom anna på trong for å få på plass ein forvaltingsplan og gje føreseielege rammevilkår for kulturminneområda og utvikling av kommersiell aktivitet.

Arbeid med forvaltingsplan for kulturlandskap og LNF-område med viktige kulturminne, er heimla i retningslinjene i Fylkesdelplan for arealbruk (2000), Sogn og Fjordane fylkeskommune og i dei regionale kulturplanane.

Det blir også vist til sak for Hovudval for kultur, idrett og integrering om sluttrapporten i prosjektet og om etablering av formelt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Stad kommune.

### **Vurderingar og verknader**

Økonomi: Det er sett av kr. 250 000 til arbeidet i budsjettet for 2020.

Klima: Det er dokumentert at denne kulturarven (mellomalderuinar) vår er sårbar for dagens klimaendringar.

Folkehelse: Tiltak i planen vil vere med å fremje folkehelse.

Regional planstrategi: Arbeidet går inn under Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og strategi 2.2. Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.

### **Forvaltingsplan**

Planen må danne grunnlaget for heilskapleg kort- og langsiktig forvaltning og definere vilkår for bruk og tolegrense til Selje kloster, kulturlandskap og kulturminneverdiane på øya Selja. Planen må bli det viktigaste styringsdokumentet for framtidig arbeid og legge opp til føreseieleg forvaltning for brukarar og forvaltalar.

Planen må vere basert på kunnskap og sikre og fremje dei kulturhistoriske verdiane det sårbare kulturmiljøområdet som Selje kloster og øya Selja utgjer og legge til rette for samarbeid og for reiselivsutnytting basert på dei kulturhistoriske verdiane i områda. Rapportane i nemnte før- og hovudprosjekt tek grundig for seg reiselivsdelen i området.

Planen må gje konkrete mål for forvaltning og bevaring og innehalde retningslinjer for forvaltning, bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og næringsverksemd. Han må innehalde rolleavklaring mellom dei ulike aktørane innan primært forvaltning og næring. Planen skal bidra til å oppretthalde og fremje dei kulturhistoriske verdiane i området som er grunnlaget for næringsdelen og fremje berekraftig bruk.

### **Framlegg til organisering av planarbeidet**

Arbeidet med utviklinga av ein forvaltningsplan vil verte basert på kjøp av konsulenttenester. Prosjektet vil bli organisert med prosjektleiar, administrativ styringsgruppe, prosjektleiar og prosjektgruppe.

Prosjekteigar – Vestland fylkeskommune

Administrativ styringsgruppe – Det er alt sendt ut invitasjon, og Opplysningsvesenets fond (eigar), Stad kommune og Bjørgvin bispedømekontor har nemnt opp representantar til å sitje i administrativ styringsgruppe saman med fylkeskommunen.

Prosjektleiar – Kjøpt teneste etter anbodskonkurranse.

Prosjektgruppe – Det vil bli invitert sentrale personar med relevant kunnskap og erfaringar om anlegget, om kulturlandskap, forvaltning og andre problemstillingar knytt til forvaltingsplanen, slik som Riksantikvaren, Oppsynsmann for Selje kloster, Universitetsmuseet i Bergen, Vestland fylkeskommune, Fylkesmann i Vestland og Høgskolen på Vestlandet.

Det er lagt opp til at arbeidet startar opp i 2020 og blir ferdigstilt i laupet av 2021.

### **Vedlegg**

#### **1 Selja Kloster - sluttrapport**